

Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Sted: Oslo
Dato: 30.11.2020
Vår referanse: 20/00437
Deres referanse: 20/605

Innspel til strategi for folkemusikk og folkedans

Norges musikkhøgskole har sidan 1995 tilbudd høgere utdanning i folkemusikkutøving. Vi har studentar på alle tre nivå og driver også talentutviklingsarbeid på feltet. Dette innspelet er utarbeidd av førsteamanuensis Unni Løvlid og resten av folkemusikkfagmiljøet i samarbeid med høgskulens faglege og administrative leing.

«Forestill deg ein musikk som har oppstått før alfabetet, og som så lever ved sidan av det»

- *(Lasse Thoresen, professor i komposisjon, Norges Musikkhøgskole)*

«Folkemusikkfeltet og dansen er samansett, og dei ulike delane treng kvarande. Vi treng dei profesjonelle, og vi treng alle som nyttar denne levande kulturarven i det private i kvardagen sin, og som du nesten ikkje veit om. Korleis ivareta samværet der folkemusikken, dansen og det å fortelje er det samlande på tvers av generasjonar? Vi treng dei små slåttane, bårsullen, dansen på kjøkkengolvet og dei som berre spelar heime. Vi treng den lokale instrumentmakaren, vi treng alle som vil lære og lære frå seg og vi treng forskaren. Dansaren treng spelemannen/kvedaren og omvendt. Og ikkje minst, vi treng mangfaldet av meiningar og diskusjonane som driv oss vidare.

For å få heilskapen til folkemusikken og folkedansen til å leve er vi avhengige av alle ledd. Og at alle ledd har ressursar til å få lov å gjennomføre sine oppgåver

For å halde tradisjonane levande, treng vi hjelp. Vi treng hjelp til å stå mot straumen og behalde vår eigen identitet i eit samfunn der møtestadane mellom generasjonar kan være vanskeleg å finne. Og vi må heile tida jobbe vidare med å definere kva slags plass kulturen skal ha i akademia og eit profesjonelt musikklivet som er i stadig endring.

Korleis kan vi ivareta ein slik tradisjon i ei tid der populærmusikken er dominert av elektronikk og autotune samstundes med at det skriftlege også veg tyngre og tyngre?

Vi treng at storsamfunnet ser verdien i kulturen vår: Om det politiske nivået og forvaltninga går inn og seier noko har verdi, så vil det på sikt få verdi. Om dei seier det ikkje har verdi, så har vi om to generasjonar kanskje begynt å tru på det.

Vi treng at dei yngste får tilgang på kunnskap om desse kulturane. Korleis finne noko du enno ikkje veit eksisterer? Korleis kan eit barn i Oslo eller Beiarn finne bårsullen som er notert ned i lokalmiljøet? Korleis kan det barnet få tilbake sin lokale song, lære den, gjere den til sin og bruke songen slik det er naturleg for det barnet i dag?

Kven har ansvaret for å gjere den songen tilgjengeleg og levande igjen? Samtidig som vi må ta vare på det gamle veit vi at folkemusikken til alle tider tatt opp i seg element frå samtida. Dette er ikkje ein kultur som følg landegrensar, men som tar til seg det som treff den enkelte person. Om vi ser særleg til kysten, nordover og til dei gamle handelsvegane, så har vi i Norge vore fleirkulturelle i mange hundrar år. Noko skal bli gløymt, noko skal være slik det er, noko skal bli endra og noko nytt skal kome til.»

- (Unni Løvlid, førsteamanuensis i folkemusikk, Norges musikkhøgskole)

1. Korleis kan politikk og forvaltning innafor folkemusikk og folkedans best ivareta de tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere mangfald og fornying?

- Det må vere eit mål å styrke folkemusikkarkiva og gjere materialet tilgjengeleg på ei felles nettplattform.
- Vi treng meire forskning på alle dei ulike tradisjonane rundt i heile landet, vi må styrke dei ulike regionale forskingsmiljøa.
- Det må skapast fleire møtestadar mellom tradisjonsberarar, instrumentmakarar, studentar og forskarar.
- Det avgjerande for vidare tradering er å bygge kunnskap, forståing for kvar andre, og halde fram å være ulike.
- I Norge i dag lever den norske tradisjonsmusikken side om side med tradisjonsmusikk frå andre kulturar. Det vil vere ein styrke også for den norske musikken dersom det også finnes høgere utdanning innan tradisjonsmusikken til forskjellige innvandrargrupper, det vil bidra til å lette forholda for gjensidig samarbeid og utvikling.

Oppbygginga av folkemusikktilbodet ved Norges musikkhøgskole fekk stor hjelp ved at statsstipendet Sven Nyhus var innvilga frå Kulturdepartementet i 1989 vart omgjort til ei fast professorstilling ved høgskulen frå 1995. Sven Nyhus vart den fyrste professoren i folkemusikk ved NMH, og han bidrog til å bygge opp det breie folkemusikktilbodet høgskulen har i dag, på både bachelor-, master- og doktorgradsnivå. I dag tenkjer vi at dette var ei naturleg utvikling, men det er ikkje sikkert at folkemusikken hadde blitt inkludert og akseptert i desse miljøa utan dette bidraget frå KUD. I dag er norsk folkemusikk ein sjølvstøtt del av NMH sin kvardag. På tilsett- og studentnivå utviklar der seg naturlege samarbeid på tvers av sjanger og studiar, og kunnskapsnivået om kvarandre og respekten for kvarandre er høgna. Med dette seier vi ikkje at vi er i hamn med å integrere norsk folkemusikk i akademia. Vi har ein veg igjen.

Bidraget frå KUD til NMH er eit godt eksempel på korleis politikk og forvaltning kan gå inn og ivareta dei tradisjonelle uttrykka og stimulere til mangfald og fornying.

Dansefeltet er eit område som treng ei starthjelp akkurat no, og det er fleire utdanningsinstitusjonar som – med litt stimulans - kan bidra med oppbygging av eit folkedansmiljø, i nær kontakt med annan danseutdanning, slik at folkedansen gradvis kan verta ein likeverdig del av dei ulike dansemiljøa, formidling og forskning.

2. Korleis kan det best leggest til rette for opplæring og kompetanseheving innfor folkemusikk og folkedans?

- Gje folkemusikken og dansen ein større plass i dei ulike kunstutdanningane og lærarutdanningane.
- Det må etablerast høgare utdanning i utøvande folkedans i Norge.
- Styrk folkemusikken og dansen sin plass i læreplanar for grunnskulen og vgs.
- Alle kulturskular bør ha eit tilbod i folkemusikk/dans.
- Vi treng å bygge ein ny ung generasjon pedagogar som kan gå inn og undervise i dei ulike skoleslaga, frå grunnskole og kulturskule til høgare utdanning.
- Det må satsast meire på utvikling av undervisningsmateriale til bruk i kulturskule, grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning
- Det må sikrast at dei regionale talentutvekslingsprogramma som drives av høgare utdanning har eit folkemusikktilbod av høg kvalitet
- Opprette fleire doktorgradsstipendiatstillingar
- Opprett postdoktorstillingar spesifisert til folkemusikk

Om høgare utdanning skal ha nokon å rekruttere inn på bachelor, master og oppover, må der være eit grunnlag å rekruttere frå. Her kjem breidde miljøa inn, miljøa der folkemusikken og dansen er del av kvardagen, meisterlære kulturen og dugnaden. Lokallaga, kappleikane, helgekursa og alle forum som held interessa til den enkelte av oss oppe over tid. Samstundes må vi og drive målretta arbeid mot dei som vurderer å søke seg inn til høgare utdanning. Det må gjerast ved å styrke talentutviklingsarbeidet som gjerast av høgare utdanning og samarbeidet mellom desse programma og andre aktørar, særleg landslinja for folkemusikk på Vinstra. Tilbodet samlar elevar frå kulturskule, spelemannslag og talentprogram, før elevane vert sendt vidare til høgare utdanning. Vi kjenner til at KUD er inne i ein prosess no der landslinjene vert evaluert. Vi håpar Vinstra kjem styrka utav den.

3. Korleis kan det best leggst til rette for mest mogeleg effektiv bevaring og arkivering av relevant materielt og immaterielt innhald frå folkemusikk og folkedansfeltet.

- Feleverket må fullførast og eksisterande materiale må digitaliserast til eit egna format
- Det må vere eit mål å styrke folkemusikkarkiva
- Det må sikrast at det finnes fagkompetanse ved dei ulike arkiva over heile landet.
- Folkemusikken er ikkje berre det konkretmusikalske, tradisjonane står i ein heilskap som ofte berre er verbalt tradert. Difor er det høgst nødvendig med lokalt tilsette med spisskompetanse om dei ulike lokale tradisjonane.

NMH har eit sterkt ynskje om å fullføre *Feleverket*. Dette er eit dyrt og langvarig prosjekt, der vi vi vere avhengige av ekstern finansiering. Dette arbeidet bør gjennomførast i samarbeid med Nasjonalbiblioteket, lokale arkiv og alle relevante samarbeidspartnarar. I tillegg til feleverket er det behov for å gå i gang med vokal, eldre folkemusikkinstrument og dans. Det vil også vere behov for å skrive om eksisterande materiale til egna digitalt format som gjer materialet meire anvendeleg for ulike forskarar og utøvarar. Dette er eit ansvar NMH ynskjer å ta på seg om vi har dei økonomiske ressursane til å kunne gjennomføre det.

Vi må samtidig minne om at folkemusikken ikkje berre er det konkretmusikalske. Tradisjonane står i ein heilskap som ofte berre er verbalt tradert. Om den levande formidlinga frå menneske til menneske forsvinn, forsvinn og stordelen av tradisjonen vår og vi går over til å bli noko anna. Dette er ein situasjon vi står midt oppi akkurat no, og som vi føler med på. Vi må få fleire lokalt fast tilsette som arbeider med arkiv, formidling og revitalisering. Spesielt er det er ei stor sorg at Nordnorsk folkemusikkarkiv ikkje lengre har ein lokalt tilsett arkivar og formidlar. Dette arkivet varetar all folkemusikk nord for Trøndelag, altså halve landet vårt sine lokale tradisjonar, og er verda sitt største arkiv for samisk musikk.

4. Korleis kan det best leggst til rette for forskning, formidling og tilgjengeleggjering av dette materialet?

- Det må utarbeidast ein nettløysing som er felles for alle folkemusikkarkiv, slik at alt materiale er tilgjengeleg
- Opprette fleire doktorgradsstipendiatstillingar
- Opprette postdoktorstillingar spesifisert til folkemusikk

- Vi treng å styrke dei ulike arkiva våre og utvikle og implementere ei nettløysing som er felles for alle folkemusikkarkiv, slik at alt materiale er tilgjengeleg. Tilgang på materialet er viktig for kunnskap, mangfald, utdanning, forskning og for å halde tradisjonane levande. Ved sidan av å vere ein ressurs for folkemusikkmiljøet er arkiva og viktige for studentar/musikarar frå andre sjangrar og komponistar, regissørar og forskarar innan ulike felt.

5. Korleis kan internasjonalt samarbeid bidra til å styrke folkemusikken og folkedansens posisjon i samfunnet?

- Arbeide med å etablere internasjonale nettverk på folkemusikkens premissar

Å arbeide internasjonalt, gjer det enklare å sette ord på det som er nært. Få perspektiv på sin eigen tradisjon og fagmiljø. Dei internasjonale fagmiljøa er viktige for folkemusikkstudiet. Gjennom slike samarbeid, får vi korrigerings, bli oppdatert på ny forskning, vi blir meir bevisst kva grunnhaldningar og fagleg fokus vi ynskjer å ha for våre studiar. Og vi kan bygge nettverk som hjelper studentane ut i yrkeslivet etter end utdanning.

I dag har dei ulike aktørane innafor folkemusikk og folkedans kvar sine internasjonale nettverk og det er liten grad av samordning mellom aktørane med omsyn til internasjonal satsing og profilering. Det vil truleg vera store gevinstar for alle partar ved meir samordning og koordinering av det internasjonale arbeidet.

Med vennleg helsing

Morten Halle
prorektor

Camilla Sønstabø Thorkildsen
studie- og FoU-sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevne signaturer.